



Møtebok for Vestre Slidre fjellstyre

Arkiv nr:

Sak nr 20/2015

Møtedato: 2.9.15

Møtestad: Slidretun

Saksbehandlar: Harald Ranum

S650, Grønsenn – søknad om uthus

Margit Bratvold søker om å få føre opp nytt uthus på stølen i Grønsenn. Eksisterande uthus var så dårleg at det ikkje var praktisk å restaurere og dette vart rive 2014. Det blir søkt om å få føre opp eit nytt uthus på 50 m² BYA. Det gamle uthuset var i følgje stølsregisteret på 54 m² BYA.

Margit Bratvold opplyser ho driv med kvitlauk-, potet- og treakproduksjon på stølen. Ho har tidlegare opplyst at ho vil drive med fôringsdyr og sau. Beiting med husdyr har vorte utsett i påvente av godkjenning av inngjerding av fritidsfeste som ligg inne på jordet. Avtale med Statskog om inngjerding av festet er snart formelt i orden.

Statskog har gjeve følgjande uttale datert 20.8.15.

Viser til oversendt søknad fra Margit Bratvold om oppsetting av uthus inkludert kokehus på støl med fnr 650. Stølen blir brukt til produksjon av hvitløk og treak, og behovet for uthus/kokehus er knyttet til tørking av hvitløk og koking av einebær til treak.

Stølen ble i 2014 vurdert til å ikke være i bruk, og søknad om oppføring av sel ble behandlet av fjellstyret etter fjellovas § 11. Vi er ikke kjent med at det har vært beiting eller fôrproduksjon på setra i 2015. Hvorvidt det kan sies at hvitløksdyrking og koking av treak medfører at stølen er i drift er for så vidt et reelt spørsmål, men i lys av seterforskriftens § 9 vurderer vi det slik at det vanskelig kan sies at stølen er i bruk kun på dette grunnlaget. I og med at stølen med samme aktivitet ble ansett for å ikke være i bruk i 2014, antas det også at fjellstyret har samme oppfatning i 2015.

Seterforskriftens § 11 omfatter vedlikehold av eksisterende bebyggelse på setra. Det søkes imidlertid nå om oppsetting av en ny bygning tilknyttet en aktivitet på setra. Slike søknader skal ihht forskriften uansett behandles etter seterforskriftens § 10, og det forutsettes da at det er planer om å ta opp igjen stølsdrifta. Slike planer er ikke forelagt Statskog, og det forventes at fjellstyret før sin saksbehandling innhenter konkrete planer om fremtidig stølsdrift i samsvar med seterforskriften.

Gitt at det foreligger planer om aktiv stølsdrift i samsvar med seterforskriften, ser Statskog positivt på oppsetting av uthus og kokehus for småskala matproduksjon og stølsturisme. Det forutsettes at fjellstyrets saksbehandling belyser stølens status og fremtidige driftsplaner, samt tar stilling til det driftsmessige behovet for uthus/kokehus.

I sak 21/2014 rekna fjellstyret ikkje stølen for å vera i bruk og drifta er ikkje vesentleg endra frå 2014. Etter dei opplysningar som Bratvold opplyser om drifta, reknar Statskog stølen for ikkje å vera i bruk. Om den skisserte drifta skal reknast for å vera drift kan diskuteras. Den skisserte drifta kan godt vera slik at det oppfyller kravet til drift jf. tilpassing av drift etter tida og tilhøva. Slik ein tolkar søkjar er produksjon i ei utprøvningsfase.

Bratvold søkte i 2014 om å få flytte uthuset lengre inn på stølsvollen fordi grunnen var dårleg og huset sto i fare for å rase ned i vegen. Selet var for dårleg til å flytte og vart i staden rive ned. Fjellstyret behandla ikkje søknaden, men bad om å søkja om å få føre opp nytt når det vart aktuelt. For stølar som ikkje er i bruk, blir det normalt godkjent oppføring same areal som tidlegare nå bygg blir erstatta med eit nytt. Dette er også eit prinsipp Statskog også har akseptert. Sidan det nye uthuset ikkje er større enn det gamle, vil søknaden kunne godkjennast uavhengig om stølen blir rekna for å vera i bruke eller ikkje.

Støl som ikkje er i bruk skal behandlast etter § 11 i stølsforskrift

På seter som ikkje er i bruk, men som ikkje er fallen i det fri, kan seterbrukaren halde husa vedlike på ordinært vis. § 10 andre ledd i denne forskrifta gjeld tilsvarande. Skal seterbrukaren ta opp att seterdrifta, gjeld føresegnene i § 10 i denne forskrifta.

Departementet sine merknader til § 11

Etter fjellova fell ikkje retten til seter bort før den i 20 samanhengande år har vore ute av bruk som seter. Hendelege avbrot i setringa skal ikkje føre til at retten går tapt. Likevel må seterbrukaren ha ein rett til å vedlikehalde husa, så lenge setra ikkje er fallen i det fri. Om det blir behov for å setje opp, utvide eller endre hus med sikte på å ta opp att seterdrifta, gjeld føresegnene i § 10 i forskrifta. Det som er sagt under § 10 gjeld tilsvarande, at fjellstyret skal innhente fråsegn frå regional kulturminnestyremakt.

Søknader etter første ledd skal sendast til fjellstyret, som handsamar dei og sender dei vidare til Statskog SF, som gjer søkjaren kjent med avgjerda. Vedtak fjellstyret gjer kan påklagast til Statens landbruksforvaltning, jf. § 26 og § 30 i forskrifta.

Oppland fylkeskommune skriv i e-post datert 12.8.15: *Oppland fylkeskommune ved Kulturarvenheten har ingen merknader til saken.*

Framlegg til vedtak:

Fjellstyret godkjenner søknad om å erstatte gamle uthuset med eit nytt på 50 m² etter §11 i stølsforskrift.

Vedtak:

Fjellstyret godkjenner søknad om å erstatte gamle uthuset med eit nytt uthus med kokedel på 50 m² etter §11 i stølsforskrift.

Fjellstyret vil presisere at huset berre kan brukast til det formål det er søkt om og at det ikkje kan ominnreiaast til beboelse.

Vedtaket er samrøystes.

Saka blir oversendt Statskog, jf. sakbehandlingsrutine etter §11.

Etter § 10 i fjellova tek fjellstyrevedtaket til å gjelde 4 veker etter at det er gjeve melding om vedtaket. Byggeløyvet er ikkje gyldig før kommunen har godkjent søknaden. Dersom bygginga ikkje er starta opp innan 3 år fell løyvet bort.

I følge §28 i forvaltningsloven kan vedtaket klagast over. Parter har rett til innsyn i saksdokument. Eventuell klage skal sendast Vestre Slidre fjellstyre innan 3 veker frå mottak av dette vedtak.

Vestre Slidre fjellstyre den 3.9.15

Harald Ranum
sekretær

Utskrift: Margit Bratvold
Vestre Slidre kommune
Statskog
Oppland fylkeskomme